

Spørsmål til Spørjetimen

Spørsmål frå Arild Tveranger

Til spørjetimen i kommunestyremøte 10. desember 2015 vil eg stilla spørsmål om korleis beredskapen i Radøy kommune, når det blir flaumver?

I media ser me reportasjar fra Sør-Noreg der bygder er sett ut av spel pga. mykje nedbør og samfunn blir lamma. Kva inntrykk gjer dette med Radøy og kva beredskap kan kommunen stilla med?

Me har fylkesvegar som er bygd på myr i Radøy, og har lagt under vatn fleire gonger tidelegare. Og det vil skje igjen dersom øya bli oversvømt med store nedbørsmengder. Det ser ut som ekstremveret er hyppigare no enn tidelegare år.

Når det gjeld framtidig busetnad, blir det då lagt vekt på flaumsikring i reguleringsplanen?

Svar på spørsmål frå Arild Tveranger.

Radøy og kommunane elles i Nordhordland er gode på beredskap. Radøy var årets beredskapskommune i 2010, og fekk prisen for kommuneplanen,- me var først ute med kommuneROS-analyse. Ved tilsyn i 2013 på beredskapsarbeidet fekk me ingen merknader og ingen avvik,- det er om lag ikkje mogleg, og me har i etertid fått høyra at i bydn seier dei at andre kan sjå til Radøy. Beredskap er ei haldning, som skal sitja i ryggmargen!

Til spørsmålet om flaum må det også nemnast at kommuneleiinga har det å følgja med på www.varsom.no som ein del avdriftsrutinene.

Kommunestyret skal minst ein gong i perioden revidera ROS-analysen. I gjeldande ROS-analyse har me 30 punkt, som er vekta. Desse er i nummerorden, og med fallande vekt:

1. Skogbrann 12
2. Grunnstøyting 9
3. Oljeutslepp sjø 9
4. Bemanningssvikt 9
5. Storm/orkan 8
6. Ta i bruk ny teknologi 8
7. Dårleg mobildekning 8
8. Annan brann 6
9. Svikt i kommunikasjonssystema 6
10. Konstruksjonsbrist 6
11. Bruk og gjennomføring av planar 6
12. Oljeutslepp på land 4
13. Sabotasje 4

14. Frakt avfarleg gods – land og sjø 4
15. Flystyrt 4
16. Svikt i eltilførsel 4
17. Kollisjon på land og sjø 4
18. Smittsame dyresjukdomar 4
19. Kulde 4
20. Ras 3
21. Epedemiar/ Pandemiar 3
22. Terrorangrep 3
23. Utslepp til drikkevatt 2
24. Flom 2
25. Utslepp av farleg industriavfall 2
26. Eksplosjon på land og sjø 2
27. Lynnedslag 2
28. Manglande førebuing/planar 2
29. Tørke 2
30. Reaktorulukke 2

Spørsmål til Spørjetimen – Cyril Marøy

Ønsker med denne mail å spørre angående plan for fiberlinjer.

Marøy står som en av de bygdene som har søkt om å få fiber og har fått stor støtte av innbyggerne. Jeg vil spørre om budsjettering for fiberlinjer for 2016.

Helst om hvor mye og når fiber kan komme på Marøy?

Svar på spørsmål

Austrheim og Radøy kommune har til saman fått 8 mill NOK til vidare utbygging av breiband (3/8 og 5/8). Dette er anleggstilskot som kommunane skal tilby i eit anbod til utbyggjarar. Saman med tilskot frå innbyggjarar, som teiknar seg for abonnement, og utbyggjar si satsing, vert dette bestemmande for utbygging. Dette er ei kommersiell utbygging og anbudet vert lyst ut etter prinsippet «kven kan gje mest breiband for anleggstilskotet» og gje eit tilbod om grunnleggjande breiband til husstandar som manglar dette i dag.

Kommunane har ikkje investeringsbudsjett på utbygging, dei vidareformidlar tilskotet for å få utbygging i stand.

Per no er anbudet under utarbeiding. Sidan det er Austrheim kommune som var søkjar vert det ein felles anbodsprosess. Etter kvart som det skrid fram og etter val av tilbydar vert det informert meir, også om at det er innbyggjarane si teikning av abonnement som er utslagsgjevande for kvar utbygginga kjem. Difor er ivrige innbyggjarar like viktige vidare som dei var når innsatsen dei synte i høyringa bidrog til at Austrheim kommune og Radøy kommune fekk tilskot frå NKOM.